



Fylkesmannen i Hordaland  
Jan Vidar Voster  
Kommunal og samfunnsplanavdelingen

Referanser:

Dykkar: 2014/3316 421.3  
Vår: 14/644 - 14/5528

Saksbehandlar:

Tonje Nepstad Epland  
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:

22.05.2014

## Dispensasjonssak gbnr 84/7 og 16 Haukeland søndre - dispensasjon frå arealformål og strandsone - oversending for klagevurdering

Saka gjeld søknad om etablering av dør og utvendig rømningsveg i eksisterande sjøbu, bruksendring av naust til utleigeaneks og utviding av eksisterande kai.

Fylkesmannen i Hordaland har gjeve uttale i saka i brev av 27.03.14.

### Planstatus

Gjeldande arealformål etter kommuneplan for Radøy kommune er LNF. Eigedomen ligg i strandsone. Tiltaket har trong for dispensasjon frå pbl § 11-6 og § 1-8.

### Politisk handsaming

Saka vart handsama av Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 07.05.14 der følgjande vedtak vart fatta:

#### Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 031/2014

##### **PLT - handsaming:**

Hovudutvalet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

##### **PLT - vedtak:**

Det vert gjeve dispensasjon for følgjande tiltak:

1. Etablering av dør og utvendig trapp som rømningsveg frå 2. etasje på eksisterande sjøhus/rorbu. Trappen skal ha ein utforming som ligg tett på fasaden. Endeleg utforming vert å godkjenne i byggesaka.
2. Bruksendring for eksisterande naust til utleigeaneks med næringsføremål på følgjande

*vilkår:*

*Søkjar må i byggesaka leggje fram vurdering, knytt til faren for vassinntrenging, som skal godkjennast av bygningsstyresmakta før det vert gjeve byggeløyve i saka.*

*Bygningen skal innreiast som anneks, ikkje som sjølvstendig bueining. Det kan tillatast toalettrom og tekjøløkken i bygningen.*

*Om bygningen skal ha innlagt vatn må det søkjast om utsleppsløyve før det vert gjeve byggeløyve i saka.*

*Bygningen får næringsføremål for å kunne nyttast i utleigeverksemd knytt til sjøbu på gnr. 84 bnr. 16. Bygningen kan ikkje lovleg takast i bruk som fritidsbustad.*

*3. Utviding av eksisterande kai på følgjande vilkår:*

*Kaien kan ha ein storleik av inn til 2,5 meter lengde og 1,25 meter bredde.*

*Kaien skal plasserast i same høgde som eksisterande kai og utførast i same material.*

*Endeleg utforming vert å godkjenne i byggesaka.*

*Det må liggje føre løyve frå Bergen og Omland hamnevesen etter hamne- og farvasslova før arbeidet det vert gjeve løyve til tiltak.*

*Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreinga.*

*Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. § 11-6 og § 1-8 og naturmangfaldslova §§ 8-12.*

*Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.*

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Tonje N. Epland på e-post [tonje.epland@radoy.kommune.no](mailto:tonje.epland@radoy.kommune.no) eller på telefon 56 34 90 50.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Dispensasjonsak - gnr 84/7 og 16 Haukeland Søndre - fasadeendring sjøhus, bruksendring naust og utviding av eksisterande kai- dispensasjon frå arealføremål og strandsone

Byggesak Gbnr 84/7 og 16 Haukeland søndre - dispensasjon frå strandsoneleva og arealplan

Bilete

Teikning

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland

Kommunal og  
samfunnsplanavde  
lingen